

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. *Skav*Fylke: *Nordland*Tilleggsspørsmålnr. *7*Herad: *Skjerstad*Emne: *Skav*

Bygdelag:

Oppskr. av: *Bernh. Kvalnes*Gard: *Kvalnes*(adresse): *Loding Tverlandet*

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. *ja*

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. *Jkke kjend.*
2. *Nei.*
3. *Nei.*
4. *Det var helst skav av rått dei nytta, og helst unge tre. Dei små kjeppane kunne vera ca 40 cm lange og vart sett inn i stovekråa om ettermiddagane (ie tining/det var om vinteren at krøttera fekk skav). Om høvden skov ein så sette kjeppane med ein skavl. Krøttera fekk borken attåt høvet, men ikkje i store mengder. Og dei litte del. Det var dyr og sauer som fekk skav. Dei skavde kjeppane vart turrka og var eit ypperleg brensel når dei skulle baka flabrod. Dei kalla desse kjeppane for sjevvet (kollektivt)*
- 5.

*egg**- skaft av tre**Skavet*

Bladet (egga) var slik at skavlen måtte foralt nedover og ein turme om skavlen var sterk og kvass nok bruka han tie utholingsarbeid

6. Skavlen nytta ein og når ein skulle få meira og borken av hesje staur og kornstaur og når ein laga bandstakar.

7. Ikkje kjend

8. Nei

11. Eg kjemur ikkje ordet skavhelle.

Når ein skov la ein ei fjukk felle over vinstre kneet, sette kjeppen oppå og skygja kjeppen med vinstre hand og skov med høgre.

12. Nei.